



Kopimottaker

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1135 - 14/25719

Saksbehandlar:

Trude Langedal

trude.langedal@lindas.kommune.no

Dato:

19.11.2014

Møte i styringsgruppa for områdeplan for Knarvik sentrum

Stad og tid: torsdag 13. november 2014 kl. 9.00-15.00

Til stades frå PMU: Jan-Erik Hope, Ingrid Fjeldsbø, Halvard Rydland (ute tidsrommet 11-1.30), Sæbjørg Hageberg Kjekka, Alf Angelskår, Torgeir Arne Lie, Astrid Namtvedt Sylta, Leidulf Brunborg

Forfall: Ingrid Hindenes, Kåre Romarheim, Marit Tømmermo, Henriette Mjøs

Til stades frå Asplan Viak as: Fredrik Barth og Knut Hellås

Til stades frå Lindås kommune: Arnold Matre, Frøydis Ones, Trude Langedal, Hogne Hausdal(siste del av møtet) og Arne Eikefet(siste del av møtet)

Delt ut i møtet: Oppsummering av merknader til områdeplanen etter 1. gangsbehandling

Referatet vert sendt for godkjenning med merknadsfrist 30. november.

Gjennomgang og vurdering av merknader

Det er kome inn 38 merknader til planen

Hfk vurderte varsel om motsegn, det er halde møte der det var einigheit om vegen vidare

Administrasjonen hadde ein gjennomgang av hovudpunkta i merknadene. Etter gjennomgangen vart innspela drøfta av styringsgruppa:

- Rekkjefølge og gjennomføringsevne:

Administrasjonen meiner dei 30 000 m² er viktige for å komme i gang med utbygginga, framdrift på oval rundkjøring er usikker, viktig at utbygginga kjem i gang når planen er vedteken.

Rekkjeføljekrava må vurderast i forhold til gjennomføringsevna, endra ferdig til sikra der dette let seg gjere.

Synspunkt frå medlem i styringsgruppa: vil vurdere om helsehustomta skal vera den einaste som ikkje har rekkjefølgekrav knytt til oval rundkjøring

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Kvalitetsprogrammet, fleire merknader ønskjer at kvalitetsprogrammet ikkje juridisk bindande Kvalitetsprogrammet vart utarbeidd for å sikra grøntstruktur og siktaksar for å imøtekomme motsegn frå Fylkesmannen.
- Eksisterande næring inn i nye Knarvik, det er to bedrifter som har denne problemstillinga i sine merknader; Western Geco og Isdalstø auto.
Synspunkter frå styringsgruppa: det er utfordrande at enkelte verksemder i sentrum ikkje er i samsvar med formål i områdeplanen. Viktig å legge til rette for næringsareal i nærleik av Knarvik som kan romme bedrifter det ikkje er plass for i den nye sentrumsplanen t.d. Gjervik, Galteråsen.

Svar Asplan Viak: kan ikkje detaljregulere verksemder, dvs skilje mellom enten detaljvarehandel eller storvarehandel. I følge nasjonale føringar er ikkje storvarehandel i samsvar med sentrumsutvikling.

- Nokre framlegg til endringar som er føreslege i merknadane:
For store byrom – Kvassnesvegen for brei:
svar: delar av byromma skal inngå i MUA, kvalitet og størrelse viktig for at dette skal verte ei god løysing
Opning av Knarvik senter:
svar: er mogleg å gjennomføre innanfor planen
O SGT4 ut av planen eller flyttast
svar: skal vurderast
- Hovuddilemma gjennom planprosessen, er planen fleksibel nok? Kan den gjennomførast?
Styringsgruppa: Planen er på god veg, økonomi og gjennomføring er ein viktig diskusjon. Gjennomføring og kommunens rolle vidare skal drøftast i formannskapet på Voss 18. 11. Ingen tvil om at Lindås kommune må være ein aktiv aktør i utviklinga.
- Styringsgruppa: vassdraget rundt Lonene, er det teke omsyn til endringane utbygginga medfører?
Svar Asplan Viak: det er teke omsyn til, det har vore drøfta med teknisk drift i planprosessen. Det skal leggjast eit system under bakken i tillegg til delvis open løysing gjennom allmenningen. Ein må tenke heile nedbørsfeltet ved utbygging
- Gjennomkjøring i Bruvegen er ikkje ønskeleg av bebuarane
vegen er flytta bort frå eksisterande bustader og det er fortau på begge sider.
Styringsgruppa meiner gjennomkjøring gjer vegsystemet i området meir fleksibelt.
- Når E39 evt vert lagt utanom sentrum vil det påverke vårt parkeringsanlegg og vegsystem?
Adm: Det opnar seg nye muligheter og større fleksibilitet, men me kan ikkje ta høgde for ny E39 i dette plandokumentet, då dette truleg ikkje vert avklart før planen er vedteken.
- Opparbeiding av offentlige byrom, her er det stor usikkerhet, korleis skal det løysast?
Innspel adm: Privat og offentlig samarbeid som vert løyst i utbyggingsavtalar. 50% av oval rundkjøring vert finansiert i Nordhordalandspakken.
- Styringsgruppa vil leggja ein strategi for kommunikasjon om prosessen i media for å skapa tryggleik med omsyn til framdrift og gjennomføring. Mykje av usikkerheita til planen vil forsvinne dersom kommunen tek ei aktiv rolle i gjennomføringsfasen.

Parkeringsanlegg og trinnvis utbygging i områda rundt ny rundkøyring

Asplan Viak hadde en gjennomgang der dei hadde sett nærmare på inn- og utkjøring av felles parkeringsanlegg ved utbygging i fleire fasar og trinnvis utbygging av områda rundt oval rundkøyring. Det ble også presentert parkering i fjellanlegg og fordelane dette gi i forhold til økonomi og fleksibilitet mm. Konklusjonen er at inn- og utkøyrse knytt til felles parkeringsanlegg vil kunne fungere i fleire fasar før utbygginga er ferdig. Parkering er eit verktøy for byutvikling. Det er viktig at kommunen tek ei leiande rolle.

Når oval rundkjøring vert bygd så må veg 6 og 7 (fram til almenningnen) og byggast for at veghøgden skal gå opp. Dette gir og konsekvensar for dei andre avkjørsleane på desse vegane. Bensinstasjonen må flyttast samtidig. Bensinstasjonen er ikkje fornøyd med avkjørselen sin, ønsker to avkjørsler. Det er ikkje mulig å få til i planforslaget. Nøkkelen er å få alle dei omkringliggende eigedommane utvikla samtidig.

Oppsummering

- Kvalitetsprogrammet, det må presiserast kva som er juridisk bindande, lage liste over omsynssoner mm.
- Gjennomgang av rekkjefølgekrav, kva må være ferdig? Kva kan stå som sikra?
- Eksisterande næring, skal ein kunne bygge ut delar av tomta/ feltet i samsvar med planen medan ein driv vidare eksisterande næringsverksemd som evt ikkje er i tråd med planen
- Involvering, det vart konkludert med at dei grunneigarane som ønskjer møte får det. Det er opp til grunneigarane kven som er med, adm, medlemmer av styringsgruppa og evt AV. Møtene må gjennomførast så snart som råd.
- O_SGT4, vurderer innspel om å flytta gatetun
- Parkering, meir tydeleg kva som gjeld inn i planomtale, mellom anna parkering under eigen tomt for felte utanfor felles parkeringsanlegg.
- Steinmassar frå parkeringshuset kan brukast på ein positiv måte
- Gjennomføra møter med grunneigarar før neste møte, dersom mogeleg
- Administrasjonen skriv ut forslag til merknadsvurdering for styringsgruppa

Neste møte i styringsgruppa er torsdag 4. desember kl. 9.00- 15.00

Med helsing

Trude Langedal
rådgjevar

Frøydis Ones
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

